

TENESTEYTINGSAVTALE

KINN KOMMUNE OG KINN KYRKJELEGE FELLESRÅD

Tenesteytingsavtalen mellom Kinn kommune og Kinn kyrkjelege fellesråd skal tryggje eit tett samarbeid på dette området, soleis at innbyggjarane får ei verdig gravferd og eit kristenliv der kyrkja er til stades der folk er. Sameleis skal vi verne om dei kulturminna kyrkjebygga, kyrkjekunsten og kyrkjegardane er. Kyrkjegardane skal ha verdige uttrykk.

1.1 Føremål

Føremålet med avtalen er å regulere samhandling, ansvarstilhøve og roller mellom Kinn kommune, etter dette kalla kommunen og Kinn kyrkjelege fellesråd, etter dette kalla fellesrådet. Det skal gjerast i samsvar med lover, forskrifter og andre interne reglar og rutinar.

Avtalen byggjer på at båe partane har sams mål om at oppgåvene skal verte løyste med god kvalitet, og det er soleis eit gjensidig mål og ansvar.

Kommunen har som mål at alt som vert levert til fellesrådet held den kvaliteten som er definert i denne avtalen. Fellesrådet skal gjeve grunnlagsinformasjon av god kvalitet til rett tid for at kommunen skal kunne yte best mogleg service og kvalitet på tenestene.

1.2 Sams ansvar

Oppgåvene til fellesrådet kjem fram i § 17 i forskrift av 30. mars 2019 nr. 2307 om Kirkeordning for Den norske kirke, gjeven med heimel i lov av den 24. april 2020 nr. 31 om tros- og livssynssamfunn § 11 fjerde stykkje, § 12, § 15 og § 17. Sameleis kjem oppgåvene fram i § 3 fyrste stykkje i lov av 7. juni 1996 nr. 32 om gravplasser, kremasjon og gravferd.

Fellesrådet har mellom anna ansvar for:

- a. bygging, drift og vedlikehald av kyrkjer
- b. anlegg, drift og forvaltning av gravplassar
- c. oppretting og nedlegging av stillingar som vert lønna over budsjettet åt fellesrådet
- d. skaffe og drifte kyrkjekontor
- e. syte for lokale, utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæring

Det økonomiske ansvaret for kommunen



Det økonomiske ansvaret for kommunen kjem fram i trussamfunnslova § 14 andre stykkje og gravplasslova § 3 andre stykkje fyrste og andre punktum.

Utgiftene kommunen skal utgreie etter framlegg frå soknet, representert ved kyrkjeleg fellesråd, er:

- a. bygging, drift og vedlikehald av kyrkjer
- b. anlegg, drift og forvalting av gravplassar
- c. oppretting og nedlegging av stillingar som får løn over budsjettet åt fellesrådet
- d. nyskaffing og drift av kyrjekontor
- e. halde lokale, utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæring.
- f. Budsjettframlegget frå fellesrådet skal òg omfatte utgifter til undervising, diakoni, kyrkjemusikk og andre kyrkjelege tiltak i sokna.

Tilskotet frå kommunen skal tryggje at det kan vere forsvarleg drift og forsvarleg bemanning.

Kommunal tenesteyting kan komme inn i staden for særleg overføring til dekking av utgifter etter vedlegga i denne avtalen. Dette er heimla i trussamfunnslova § 14 tredje stykkje og gravplasslova § 3 andre stykkje siste punktum.

Fellesrådet vil verte påverka av den økonomiske situasjonen i kommunen.

2 Tenestenivå: Prosessar og arbeidsfordeling

2.1 Innleiing

Som vedlegg til denne avtalen fylgjer dei ulike tenestedområda med oversyn over oppgåver og arbeidsfordeling.

3 Andre tilhøve

3.1 Autorisasjonar og rettar

Fellesrådet har ansvar for at turvande autorisasjonar og rettar med meir er gjevne, for dei tenestene som vert ytte. Dette gjeld til dømes innmelding og trong for systemtilgjenge, fullmakter og liknande.

3.2 Kontorlokale og møterom



Møterom hjå kommunen kan fritt verte nytta på line med kommunen sine egne tilsette eller avdelingar. Dette skal skje innanfor rutinane for bruk av møterom kommunen har.

3.3 Kurs

Tilsette i fellesrådet kan melde seg på kurs som vert arrangerte for kommunalt tilsette. Kommunen har rett til å prioritere egne tilsette.

Kyrkjeverja skal få tilbod om å vere med på informasjon som vert gjeve til kommunale leiarar.

3.4 Val

Kommunen stiller eigna vallokale kostnadsfritt til disposisjon for kyrkjelege val. Unnataket er der kommunen òg betaler leige for vallokale. Fellesrådet skal sjølv dekkje andre kostnader som mat og godtgjersle for røystestyra og funksjonærar.

4 Samarbeid og kommunikasjon

Kommunedirektøren, eller den kommunedirektøren avgjer skal opptre på hans vegner, skal vere hovudkontaktpersonen for kommunen, og ha eit særleg ansvar for at fellesrådet får turvande informasjon, soleis at samarbeidet fungerer best mogleg. Det skal ikkje vere tvil om kven kommunedirektøren har peika ut til å vere hovudkontaktperson på vegne av kommunedirektøren. Det er semje om at partane har ansvar for å informere kvarandre.

Dersom kommunale organ skal handsame saker som direkte rører ved fellesrådet si verksemd, kan kommunen invitere representant for fellesrådet til å møte og tale. Dette skal vere i samsvar med kommunelova.

Etter val av nye lokalpolitikarar, vert fellesrådet invitert til å presentere seg for kommunestyret. Invitasjonen må godkjennast av ordføraren.

Målet er god kommunikasjonsflyt og informasjonsutveksling på det jamne mellom fellesrådet og kommunen. Det skal vere eit mål å få til administrative møte ein gong kvart kvartal.

Kommunen inviterer til møte i høve med budsjett, i samsvar med dei årlege budsjetttrutinane.

4.1 Kontaktpersonar for denne avtalen er:

Kinn kyrkjelege fellesråd ved kyrkjeverja

Kinn kommune ved kommunedirektøren, for tida delegert til kultursjefen



3 / 8


4.2 Avtaleforvalting

Både kommunen og fellesrådet har ansvar for å forvalte denne avtalen. Kommunen har hovudansvaret for å forvalte avtalen. I dette ligg det å kalle inn til møte når partane meiner det er turvande, skrive referat frå møta som vert haldne og hjelpe ved eventuelle tvistar.

4.3 Oppfølging av avtalen

Det vert haldne halvårlege møte om oppfylging av avtalen. Kommunen har ansvar for å kontakte kyrkjeverje kring dette. Innkalling til møte med agenda skal leggjast fram to veker før møtet vert gjennomført.

I høve med dette vert det gjort ei vurdering av det samla verdet av tenester som er gjevne etter denne avtalen, både faste og variable leveransar. Det vert vurdert i tillegg om einskilte tenester skal haldast særleg utanom, til dømes store prosjekt på investering eller omfattande vedlikehald.

Kvar av partane kan òg kalle inn til møte dersom det oppstår situasjonar eller problemstillingar som er knytte til gjennomføring av avtalen. Partane bør strekkje seg etter å kalle inn til slike møte med ein tydeleg agenda og frist som gjer det mogleg for bae partane å gjere turvande førebuingar.

4.4 Teieplikt

Personalet åt både kommunen og fellesrådet er plikta til å rette seg etter den teieplikta som gjeld og dei reglane om tryggleik som til ei kvar tid måtte gjelde for tilsette i Kinn kommune og Kinn kyrkjelege fellesråd.

4.5 Tvistar og eskalering

Om det skulle oppstå tvist mellom partane, skal det prøvast å løyse dette ved forhandlingar på ein minneleg måte, på lågaste moglege nivå i organisasjonen.

Om saka ikkje let seg løyse, skal partane eskalere til kvar sin ansvarlege på området i tillegg til å ha med den kommunedirektøren i Kinn kommune peikar ut (som hovudansvarleg avtaleforvaltar) i den aktuelle saka. Dersom slike forhandlingar ikkje fører fram, skal tvisten avgjerast av dei partane i fellesskap gjev fullmakt. Om dette ikkje fører fram, er det dei vanlege ordningane for ekstern tvisteløysing som vert nytta.

4.6 Avvikshandtering



Både kommunen og fellesrådet er ansvarlege for å varsle kvarandre ved feil eller manglar i leveransen av tenestene. Vidare er den einskilde parten ansvarleg for å rette feil som denne parten sjølv er nærast til å rette opp.

5 Kommunalt driftstilskot

Kommunale driftstilskot skal gjeve grunnlag for at alle gudstenestene Biskopen forordnar, at dei turvande kyrkjelege tenestene kan ystast og at arbeidstilhøva for dei kyrkjelege tilsette er tilfredsstillande i alle sokna. Det same gjeld tilsvarande for kyrkjegardane.

Alle tenestene som ikkje er skildra i denne avtalen, vert dekte av fellesrådet gjennom årlege tilskot frå kommunen, til dømes:

- Løn- og driftsutgifter
- Trygding- og serviceavtalar
- Revisjon
- Andre utgifter
- Anlegg, drift og forvaltning av kyrkjegardar og kyrkjer

6 Investeringar og større vedlikehald

Fellesrådet har ansvar for å planlegge og gjeve innspel til kommunen ved trong for investeringar i kyrkjebygg, andre bygg eller ved anlegg av kyrkjegardar. Det same gjeld ved trong for større vedlikehald og investeringar til nye kyrkjegardar. Kommunen har eit ansvar for å setje av nok areal til utviding av kyrkjegardar.

7 Budsjett og prosess

Fellesrådet skal kvart år kome med framlegg til løyving frå kommunen innan ein frist som vert sett i samråd med kommunen. Budsjettframlegget vert sendt til kommunen etter føregåande handsaming i fellesrådet.

Budsjettframlegget frå fellesrådet skal diskuterast mellom kommunen og kyrkjevevja i høve med den årlege budsjettsamtalen. Fellesrådet sitt framlegg til budsjett, skal fylgje framlegget frå kommunedirektøren til kommunestyret si handsaming av budsjettet.

Dersom kommunedirektøren kjem med framlegg om brigde i tilskotet, skal fellesrådet og kyrkjevevja gjevast høve til å greie ut konsekvensane dette har for fellesrådet og soleis for innbyggjarane i kommunen. Denne utgreiinga fylgjer framlegget ved handsaming i kommunestyret.



Ved nye pålegg og lover som har økonomisk konsekvens, skal dette meldast inn og verte vurdert i årlege økonomiprosessar.

8 Økonomiske føresetnader

Kommunen fylgjer sitt økonomiske ansvar på fylgjande måte:

- Ved kommunal tenesteyting, indirekte dekning av kostnader, som i avtalen punkt 2 og 3.
- Ved kommunalt driftstilskot, som i avtalen punkt 5.
- Ved løyvingar til større vedlikehalds- og investeringsprosjekt, som i avtalen punkt 6.

Dersom det er store avvik i faktisk bruk, økonomiestimatet eller kvaliteten på tenestene i denne avtalen, kan den einskilde parten bede om reforhandling av sin del av avtalen. Dette skal i så fall gå føre seg med utgangspunkt i den faktiske målte kostnaden eller kvaliteten.

Ved nye avtalar, tema eller område for tenesteyting skal tenesteytinga vere konkretisert. Den avtalte verdien på tenesteytinga skal verte trekt frå den årlege overføringa frå kommunen til fellesrådet. Partane skal vere semje om verdien.

9 Lengd og oppseiing

Avtalen tek til å gjelde frå 1. mai 2025.


Avtalen kan seiast opp av bae partane. Dette skal gjerast med seks månadar varsel.

Organisatoriske brigde hjå partane som fører til at verksemd vert nedlagd eller oppgåver vert overførte til andre, sluttar avtalen med verknad frå det tidspunktet det organisatoriske brigdet tek til å gjelde.

9.1 Underskrifter og representant med fullmakt

Florø, den 22. august 2025

Kinn kyrkjelege fellesråd


Dag Henrik Nygård
kyrkjeverje



Kinn kommune


Øyvind Bang-Olsen
kommunedirektør



VEDLEGG TIL TENESTEYTINGSAVTALE

Dette er eit vedlegg til tenesteytingsavtale mellom Kinn kommune og Kinn kyrkjelege fellelsråd

Føremålet med dette vedlegget er å skape eit oversyn over tenester Kinn kommune skal yte til Kinn kyrkjelege fellelsråd etter trussamfunnslova § 14 tredje stykkje og gravplasslova § 3 andre stykkje tredje stykkje

Oversyn over eksisterande tenesteytingar:

Fakturamottak

Utbetaling

Fakturering

Bokføring

Rekneskap

Internett

Dataprogram (Office, e-post, Teams og liknande)

Brøyting ved Florø, Sør-Vågsøy, Nord-Vågsøy og Eikefjord kyrkje

Brøyting fram til grinda ved fylgjande kyrkjegardar:

Almenningen, Skavøypoll, Holvik, Vågsvåg, Nord-Vågsøy, Florø, Slettevoll, Eikefjord, Svardal, Steinhovden, Øvre Standal

Lønsavdeling

Sjukerefusjon

Permisjonsrefusjon

Meirverdiavgift

Konsulentarbeid Kinn kyrkje

Murarbeid Kinn kyrkje

Innkjøpsavdeling mot rekning

Frankering mot rekning

Tidlegare tenesteytingsavtalar:



7/8


Dette er noko av det vi kjenner til frå tidlegare tenesteytingsavtalar av viss verdi

Kontor (husleige, straum og liknande)

Flytting av gravemaskin Vågsøy

Bruk av lastebil Vågsøy

Porto

Framlegg til nye tenesteytingar:

Støtte frå personalavdelinga ved rekruttering og personalsaker

Internpost

Vanleg kompetanseutveksling mellom organisasjonane

Bruk av skrivar og kopimaskin i Måløy

Brøyting til Nordal kyrkjegard ved aktivitet (same som Solheim skule)

Samarbeid om vedlikehald av parkar og kyrkjegardar om sumaren

Digitalisering

Framlegg til nye tenesteytingar vurderte på sikt:

Bedriftshelseteneste


Innmåling av gravfelt med koordinatar

Arkivering dersom regelverket opnar for at fellelsrådet kan nytte kommunale løysingar

Andre moment

Både kommunen og fellelsrådet er kjende med at arbeidet med å ordne opp eigedomshøve til kyrkjer og kyrkjegardar i kommunen ikkje er gjort, og at dette er eit omfattande arbeid. Kommunen stiller med høveleg kompetanse når dette er tilgjengeleg. Om det ikkje kan gjerast innan utgangen av 2026, må det vurderast ekstern kompetanse. Både kommunen og fellelsrådet har ansvar for å få dette i orden. Kommunen bør dekkje kostnadane knytte til oppmåling og overføring av eigedomar.

Florø, den 22. august 2025


Dag Henrik Nygård
Kyrkjeverje




Øyvind Bang Olsen
kommunedirektør



DAH

8/8
